



## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
| 064/26        | Kommunestyret | 20.08.2026 |

## Framtidig skulestruktur i Fjaler kommune - offentlig ettersyn

### Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek å sende saka om framtidig skulestruktur i Fjaler kommune ut på offentlig ettersyn.

1. Kommunedirektøren tilrår at alternativ 1 – nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule, vert sendt ut på høyring som administrasjonen sitt føretrekte alternativ.
2. Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 0, 2 og 3, men alternativa er utgreidde og blir lagde fram som samanlikningsalternativ i høyringa.
3. Høyringsperioden vert sett til 2 månader med frist for innspel 20.10. 2026
4. Kommunedirektøren vil legge til rette for brei medverknad frå innbyggjarar, tilsette, føresette og elevar under tida høyringsperioden føregår.
5. Endeleg saksframlegg med vurdering av høyringsinnspela og tilråding til framtidig skulestruktur vert vedteken i Kommunestyret den 19.11.2026

## 20.08.2026 Kommunestyret

### Handsaming:

#### Tilleggsframlegg V, AP, MDG og SV, ved/ Ness, Kjetil, SV

Kommunestyret ber om at ein legg ved alternativ 4. Dette skal vere ei vidareføring av dagens struktur utan større investeringar dei komande åra. Dette blir eit faktisk 0-alternativ, der investeringskosten er 0, sett opp mot investeringar som er lagt inn i alternativ 0 og alternativ 1. Alternativet er konsekvensutgreid i alternativ 0

Alternativet blir vurdert på lik linje med dei andre alternativa.

### **Feil i saksutgreiinga:**

Kommunedirektøren orienterte om ein feil i saksutgreiinga. Under «Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak» er det oppført fem vedtakspunkt, medan det i teksten i saksutgreiinga går fram seks vedtakspunkt. Det vart presisert at det er dei fem vedtakspunkta under «Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak» som er korrekt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren orienterte vidare om at innspelet omtala som innspel frå Guddal grendalag ikkje er sendt frå grendalaget som organisasjon, men frå innbyggjarar i Guddal.

**Røysting:** tilleggsframlegg frå V, AP, MDG og SV **vart vedteke med 22 røyster mot 5 (H og UAV).**

**Røysting:** kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **kom064/26 Vedtak i:**

Kommunestyret vedtek å sende saka om framtidig skulestruktur i Fjaler kommune ut på offentleg ettersyn:

1. Kommunedirektøren tilrår at alternativ 1 – nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule, vert sendt ut på høyring som administrasjonen sitt føretrekte alternativ.
2. Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 0, 2 og 3, men alternativa er utgreidde og blir lagde fram som samanlikningsalternativ i høyringa.
3. Høyringsperioden vert sett til 2 månader med frist for innspel 20.10. 2026
4. Kommunedirektøren vil legge til rette for brei medverknad frå innbyggjarar, tilsette, føresette og elevar under tida høyringsperioden føregår.
5. Endeleg saksframlegg med vurdering av høyringsinnspela og tilråding til framtidig skulestruktur vert vedteken i Kommunestyret den 19.11.2026
6. Kommunestyret ber om at ein legg ved alternativ 4. Dette skal vere ei vidareføring av dagens struktur utan større investeringar dei komande åra. Dette blir eit faktisk 0-alternativ, der investeringskosten er 0, sett opp mot investeringar som er lagt inn i alternativ 0 og alternativ 1. Alternativet er konsekvensutgreid i alternativ 0  
Alternativet blir vurdert på lik linje med dei andre alternativa.

### **Saksutgreiing:**

I sak om mandat for arbeidet med utgreiing av skulestruktur, vedtok kommunestyre i møte 11.12.25 (sak 74/25) følgjande:

*Kommunestyre vedtek mandat for arbeid med utgreiing av skulestruktur slik det ligg føre i saksutgreiinga.*

*Formannskapet samt ein representant frå SV blir valt til å vere styringsgruppe.*

Det som skal vurderast er:

Alternativ 0: Vidareføring av dagens struktur

Alternativ 1: Nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule

Alternativ 2: Samling av trinn 5–7 frå Flekke til Dingemoen skule

Alternativ 3: Samling av ungdomstrinnet (8–10) frå Våge til Dingemoen skule

### Tilleggsframlegg frå kommunestyre:

*Før utgreiingsarbeidet vert sett i bestilling skal kommunedirektøren legge fram orientering til styringsgruppa om kor vidt endring i skulestruktur vil utløyse klassedeling.*

*Styringsgruppa skal legge fram bestilling om teknisk tilstandsrapport av bygningsmassen.*

*Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.*

*Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjonar på Dingemoen.*

Formålet med saka er å sende forslag til framtidig skulestruktur ut på høyring, med Agenda Kaupang-rapporten (heretter òg kalla AK) som fagleg grunnlag. Rapporten som ligg ved som høyringsdokument "Framtidig skulestruktur i Fjaler kommune" vurderer korleis grunnskuletilbodet kan organiserast slik at kommunen over tid kan sikre god kvalitet i opplæringa, robuste fagmiljø og ein berekraftig ressursbruk. Agenda Kaupang understrekar at rapporten ikkje peikar ut eitt rett alternativ, men at val av skulestruktur handlar om ei avveging mellom omsyn til økonomi, kvalitet, skuleskyss og lokalsamfunn.

Bakgrunn for saka er at Fjaler kommune dei siste åra har hatt store økonomiske utfordringar, og alt tyder på at desse utfordringane vil halde fram gjennom heile økonomiplanperioden. Ved salderinga av budsjettet for 2026, mangla kommunen 9 millionar kroner for å nå budsjettbalanse. Skal kommunen nå eit resultat som tilfredsstiller måltala – og dermed byggje opp kapasitet til å ta opp lån til naudsynte investeringar – manglar det minimum 15 millionar kroner.

#### Sentrale nøkkeltal

| Nøkkeltal                            | Kr       |
|--------------------------------------|----------|
| Budsjettgap 2026                     | 9 mill   |
| Langsiktig behov                     | 15 mill  |
| Gjeldsgrad                           | 110%     |
| Gjeld over anbefalt nivå             | 150 mill |
| Skulen sitt kostnadsavvik vs kommgr. | 2,2 mill |

Det vil i åra framover vere store investeringsbehov som må løysast samtidig som økonomien må betrast.

I siste møte i styringsgruppa den 13.5.26, var det semje om å sende saka på høyring etter sommarferien. Ordførar informerte kommunestyre i møte 18.6.26, at høyringssaka blir handsama i kommunestyremøte den 20.8.26.

For å sikre gode muligheter for involvering og medverknad, er det lagt opp til ein høyringsperiode på 2 månader med høyringsfrist 20.10.26 og endeleg handsaming i kommunestyremøte den 19.11.26. Det har vore gjennomført to folkemøter og gjeve innspel til administrasjonen sitt arbeid og til Agenda Kaupang sin rapport. Merknader til prosess og innspel er omtala i kapittel 2 i rapporten.

Kommunedirektøren har vurdert dei ulike alternativt samt følgd opp tilleggsframlegga og gjer følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å sende saka om framtidig skulestruktur i Fjaler kommune ut på offentleg høyring.
2. Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 0, 2 og 3, men alternativa er utgreidde og blir lagde fram som samanlikningsalternativ i høyringa.
3. Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 0, 2 og 3. Alternativa vert lagde fram som fullverdige alternativ i høyringa.
4. Høyringsperioden vert sett til 2 månader med frist for innspel 20.10. 2026
5. Kommunedirektøren vil legge til rette for brei medverknad frå innbyggjarar, tilsette, føresette og elevar under tida høyringsperioden føregår.
6. Endeleg saksframlegg med vurdering av høyringsinnspela og tilråding til framtidig skulestruktur vert vedteken i Kommunestyret den 19.11.2026

Konsekvensar for barhagen i Flekke om skulen vert lagt ned er handsama i rapporten kap 11 og 14.2.

Utgreiing av kostnadsreduksjoner på Dingemoen skule er handsama i rapporten, kap 9 og kap 9.1.5.

Teknisk tilstandsrapport er vedlagt saka

### Vurdering:

Forslag om å legge ned Flekke skule er det som gir størst økonomisk gevinst, men har òg størst verknad for folkehelse/skyss og for lokasamfunnet. Endringa føreset mellom at det blir gjennomført god planlegging, involvering av tilsette og leiingsforankring ved Dingemoen for å at ein skal kunne nå kvalitetsmessige fordelar og nå mål om ein berekraftig og framtidsretta skulestruktur.

Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 2 med å flytte 5-7 trinnet ved Flekke skule til Dingemoen. Tiltaket gir på sikt meirkostnader ved at det må gjerast investeringar ved Flekke skule.

Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 3 med å flytte ungdomstrinnet ved Våge skule til Dingemoen. Tiltaket er det som gir lågast økonomisk effekt, vil gje få elevar att ved skulen dersom det blir gjennomført. Å oppretthalde skulen blir vurdert til å vere viktig for å bidra til at ein får stabilisert og aller helst snudd den negativ folketalsutvikling og elevnedgangen.

Alternativ 0 vil på sikt har større negative verknader i og med at det må gjerast investeringar i ny skule i Flekke.

### Vedlegg i saka:

|            |                                                                                            |        |
|------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 12.08.2026 | Utkast til endeleg rapport skulestruktur                                                   | 390801 |
| 12.08.2026 | Rapport skulestruktur i Fjaler kommune - utkast til endelig rapport 08.05.2026             | 390802 |
| 12.08.2026 | Forenklet tilstandsvurdering - Flekke skole 2026-03-15                                     | 390803 |
| 12.08.2026 | Forenklet tilstandsvurdering - Våge skole 2026-03-14                                       | 390804 |
| 12.08.2026 | Vedlegg F1 - bilder Flekke skole                                                           | 390805 |
| 12.08.2026 | Vedlegg V1 - bilder Våge skole                                                             | 390806 |
| 12.08.2026 | Skulestruktur: Kommentarer frå Flekke grendalag til rapport frå Agenda Kaupang             | 390833 |
| 12.08.2026 | Brev skulestruktur (2)                                                                     | 390834 |
| 12.08.2026 | Innspel til arbeidsgruppa for utgreiing av skulestruktur                                   | 390835 |
| 12.08.2026 | Innspel til utgreiing om skulestruktur og økonomiske tiltak i Fjaler kommune (1)           | 390836 |
| 12.08.2026 | Innspel frå folkemøte i Flekke den 31.11.25                                                | 390839 |
| 12.08.2026 | Innspel frå folkemøte på Våge 8.12.25                                                      | 390840 |
| 13.08.2026 | Vedlegg 1 - Arbeid med omstilling og innsparing                                            | 390889 |
| 13.08.2026 | Hovuddokument - Framtidig skulestruktur i Fjaler kommune - dokument til offentlig ettersyn | 390890 |